



og Fiskarlagets Servicekontor as, avd. Vest

Bergen, 28.04.09

Vår ref. b.397/09/BSI/5.3

Norges Fiskarlag
Pirsenteret
7462 Trondheim

TELEFAKS

2009 / 8363
330

HØRING ENDRING AV REGULERINGSBESTEMMELSER FOR FANGST AV HUMMER.

Styret i Fiskarlaget Vest handsama ovannemnde som sak 56/09 i sitt telefonmøte 28.04.09, og fatta følgjande vedtak:

”Styret i Fiskarlaget Vest meiner at reguleringane som ein innførde i 2008 for hummarfiske må få verke ei stund før ein kjern med ytterlegare tiltak som vil hindre yrkesfiske.

Styret i Fiskarlaget Vest meiner at ein kan foreslå alle dei tiltak og regelverk ein berre ønskjer frå styresmaktene si side, utan at dette vil ha noko verknad dersom ein ikkje får på plass kontroll med utøvinga av fisket. Det må vere kjent av alle, også våre fiskeribyråkratar, at det største fiske etter hummar føregår om sommaren i ferietida. Dette har vore eit faktum i mange, mange tiår, utan at det ser ut til at fiskeristyresmaktene har hatt vilje til å gjera noko med dette.

Styret i Fiskarlaget Vest går imot ei innskjerpa reiskapsavgrensing for fiskarar på blad A kontra fiskarar på blad B.

Styret i Fiskarlaget Vest går imot å endre § 33, første ledd, det vil seie at manntalsførte fiskarar fortsatt skal vere unntatt når det gjeld djupneavgrensinga i krabbefiske.

Styret i Fiskarlaget Vest går på det sterkaste imot at det skal innførast fluktopningar i krabbeteiner for yrkesfiskarar.

Det er fritids-/feriefiske som er den store utfordringa for hummaren og ikkje yrkesfiske.

Adresse:
Slottsgt. 3
N-5003 BERGEN

Telefon: 55 55 39 80
Telefax: 55 55 39 88
e-mail: vest@fiskarlaget.no

Bankkto: 6511.05.05331
Org.nr: NO 938 613 109
Org.nr: NO 984 152 094 MVA





side 2

Dersom meininga er å leggje mest mogelege hindringar i vegen for å utøve yrkesfiske som kystfiskar, så kan styret i Fiskarlaget Vest ha forståing for slike forslag i høyringsnotatet. Derimot så meiner Fiskarlaget Vest at forslaga høyrer heime på næraste søppelplass.

Fiskarlaget Vest vil også peike på at for hummar som for fleire av reguleringane i kystnære bestandar, er det ikkje forskning som ligg til grunn for reguleringane, men fangststatistikk. Med stadig færre fiskarar treng ein nett ikkje høgskuleutdanning for å konkludera med at fangstkvantumet må bli mindre når antalet utøvarar går ned.

Styret vil konkludera med at dersom ein i framtida ikkje vil ha kyst-/fjordfiskarar så kan ein halde fram slik ein har gjort til no. Dersom ein vil ha kyst-/fjordfiskarar i framtida så må ein setje driftsgrunnlaget for desse fiskarane i ein total samanheng, og ta fiskarane med på råd, og ikkje slik som no drive ei seigpining, med stadige innskjerpa krav for eit og eit fiskeslag.

Kopi til Fiskeridirektoratet og Fiskeri- og kystdepartementet.”

Med helsing
Fiskarlaget Vest


Britt Sæle Instebo

Kopi pr. faks: Fiskeri- og kystdepartementet
Fiskeridirektoratet